

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/1896-1

9. april 2018

Høyring - fisket etter sei for kystfartøy - utnytting av kvote

Nærings- og fiskeridepartementet sender med dette på høyring to alternative reglar for utnytting av seikvotar for kystfartøy som har to deltarkeistar som omfattar fisket etter sei nord for 62 grad nord, høvesvis med seinot og andre konvensjonelle reiskapar.

Alternativ 1 går ut på at dei aktuelle kystfartøya kan fiske to grunnkvotar av sei. Dette inneber at ei førebels akspetert praksis kan førast vidare, men at relevant forskrift må endrast.

Alternativ 2 går ut på at dei aktuelle kystfartøya berre kan fiske ein grunnkvote av sei. Dette inneber ei reversering av den førebels aksepterte praksisen, men at relevant forskrift kan førast vidare uendra.

Høyringsfristen er 25. mai 2018.

Les og svar på høyringa her: www.regjeringen.no/id2596606

Høyringar er opne, og alle kan sende innspel til oss. Vi ber om at de sender høyringssvar digitalt ved å nytte skjemaet for høyringssvar på www.regjeringen.no.

Bakgrunn

Det er eit grunnleggjande prinsipp i norsk fiskeriforvaltning at eit fartøy berre kan fiske ein grunnkvote pr. fiskeri. Dette prinsippet er nedfelt i dei såkalla kvoteutnyttingsføreseggnene i dei årlege reguleringsforskriftene og skal bidra til ei rettferdig og stabil fordeling av kvotegrunnlaget på dei ulike fartøya som har rett til å delta i det aktuelle fiskeriet. Den aktuelle føresegna går ut på at eit fartøy som er tildelt løyve eller deltarkeistar som kvar for

seg gjev rett til å fiske kvotar i same fiskeri, ikkje kan fiske meir enn ein av kvotane i det aktuelle fiskeriet.

Denne høyringa gjeld berre for fartøy som har to ulike deltakarrettar som gjev rett til å fiske sei nord for 62 gradar nord. Det dreier seg om deltakarrett i fisket etter torsk, hyse og sei for fartøy som har mindre enn 500 m³ lasteromsvolume som fisker med konvensjonelle reiskapar nord for 62 gradar nord (torsk nord), og om deltakarrett i fisket etter sei for fartøy som har mindre enn 500 m³ lasteromsvolume som fisker med not nord for 62 gradar nord (seinot nord), jf. deltarforskrifta §§ 12 og 24.

I utgangspunktet har den generelle kvoteutnyttingsføresegna også gjeldt for desse kombinasjonsfartøya, slik at dei berre har kunna fiske ein seikvote kvar. Dette var fram til og med 2013 underbygd av ei anna føresegn om kombinasjonsdrift i fisket etter sei nord for 62 gradar nord som innebar at desse fartøya ikkje kunne fiske ut over den høgste maksimalkvoten i desse to reguleringsgruppene.

I 2013 og 2014 var det eit relativt fritt fiske etter sei for andre konvensjonelle reiskapar enn seinot. Føresegna om kombinasjonsdrift og kvoteutnytting hadde derfor ikkje praktisk verdi i fisket etter sei i desse åra. Ein valde på denne bakgrunn, etter innspel frå næringa, å ta føresegna om kombinasjonsdrift ut av seiguleringa i 2014, men gjorde ikkje endringar i føresegna om kvoteutnytting.

Frå 2015 har fisket etter sei ikkje lenger vore fritt, slik at spørsmålet om dei aktuelle fartøya kan fiske ein eller to seikvotar igjen har kome på spissen. I den årlege forskrifa om fiske etter torsk, hyse og sei nord for 62 gradar nord har ein ført vidare hovudregelen om at eit fartøy berre kan fiske ein kvote utan å ta inn eit særskilt unntak for kystfisket etter sei. Etter forskriften skulle dei aktuelle fartøya derfor berre kunne fiske ein seikvote. Forvaltinga har likevel akseptert som ei førebels ordning at desse fartøy kan fiske begge seikvotane mens ein ventar på ei nærarere vurdering av saka i fiskeriforvaltinga.

Dette er noko av bakgrunnen for at Fiskeridirektoratet tok opp spørsmålet om utnytting av seikvotar i reguleringsmøtet hausten 2017. I dette møtet gav Norges Fiskarlag uttrykk for at forskriften burde endrast slik at ein kan føre vidare førebels praksis som tillett fiske av to grunnkvotar av sei. Norges Kystfiskarlag, KS og Sametinget meinte derimot at forvaltinga burde handheve gjeldande forskrift og reversere praksisen slik at fartøya berre kan fiske to grunnkvotar av sei. Etter reguleringsmøtet tilrådde Fiskeridirektoratet at departementet endrar forskriften slik Fiskarlaget gav uttrykk for.

Departementet fann etter dette at ein ville sjå nærarere på problemstillinga og skreiv derfor i ei pressemelding frå desember 2017 at vi ville kome tilbake til saka på nyåret. Dette innebar at den aksepterte praksisen med fiske av to grunnkvotar vart ført vidare inntil departementet måtte ta ei endeleg avgjerd i saka. Med dette som bakteppe har vi valt å gjennomføre ei særskild skriftleg høyring.

Våre vurderinger

Det klare utgangspunktet i gjeldande reguleringssystem er at kvart fartøy berre kan fiske ein grunnkvote pr. fiskeri. Dette bidrar til rettferd og stabilitet i fordelinga av kvotegrunnlaget, og det skal derfor gode grunnar til for å gjere unntak for enkeltgrupper av fartøy. Dersom ein vel å gjere slikt unntak, vil ein måtte rekne med spørsmål frå andre grupper om kvifor hovudregelen skal gjelde for dei.

Utgangspunktet om berre ein grunnkvote pr. fartøy pr. fiskeri er særleg viktig dersom det er behov for ei streng kvoteregulering for å unngå overfiske. I slike situasjoner er det vanskeleg å sjå nokon god grunn til å tillate at enkeltfartøy kan fiske fleire grunnkvotar. Det er dessutan ein klar fordel om ein finn fram til kvotemodellar som står seg både i periodar med behov for streng kvoteregulering og i periodar med fritt fiske. Fisket etter sei nord for 62 gradar nord er eit godt eksempel på eit fiske der kvotesituasjonen kan veksle frå år til år, noko som etter vår vurdering tilseier at ingen fartøy bør få fiske to grunnkvotar.

I denne saka vil val av alternativ dessutan ha relativt stor verknad på kvotefordelinga fordi det er ganske mange fartøy som har begge dei aktuelle deltarerettane. Dette er illustrert i pkt. 4.5 i sakspapira frå Fiskeridirektoratet til reguleringsmøtet hausten 2017:

"Av 105 notfartøy har 90 fartøy også adgang til å fiske sei i lukket gruppe. Et fartøy som for eksempel i 2017 hadde en seinotkvote på 1 300 tonn og en kvote med konvensjonelle redskap på oppunder 700 tonn, vil altså samlet kunne fiske 2 000 tonn sei i stedet for 1 300 tonn. Førstehåndsverdien av fartøyets fangst øker da fra ca. 13 millioner kroner til ca. 20 millioner kroner. Det er stor variasjon fartøygruppenes strukturering, og bare et mindre antall fartøy vil ha kvoter i slik størrelsesorden. Med det høye antall fartøy som har begge kvoter vil likevel også mindre kvoter samlet sett representerer en nokså betydelig omfordeling av tilgjengelig råstoff. En tilsvarende økning i kvote er ikke gitt til andre fartøy i seifisket.

En adgang til å fiske to kvoter er i strid med de hensyn som ligger til grunn både for kvoteutnyttelsesparagrafen og reguleringssystemet generelt, som bygger på at tilgjengelige kvantum fordeles mellom de fartøy som deltar i fisket etter etablerte fordelingsnøkler."

Det høge talet på kombinasjonsfartøy vil også kunne vere eit argument for å halde seg til hovudregelen om ein grunnkvote pr. fartøy.

Eit vanleg argument for å opne for at dei aktuelle kombinasjonsfartøya kan fiske to kvotar av sei, er at ein har akseptert denne praksisen i fleire år, og at aktørane derfor har innretta seg. Departementet er likevel skeptisk til at dette argumentet kan grunngje eit unntak frå det klare utgangspunktet i reguleringssystemet.

Vi vil i denne samanhengen vise til at dei aktuelle reiarlaga ikkje har hatt noka rettsleg forventning om at den aktuelle praksisen skulle verte permanent. Praksisen har vore ei førebels ordning inntil ein har gjennomført ei grundigare vurdering av saka, og han har dessutan vore utan forankring i forskrifter.

Departementet vil med dette be om innspel frå høyningsinstansane til om vi bør velje alternativ 1 eller alternativ 2 nedanfor. Vi ber særleg om at høyningsinstansar som måtte tilrå alternativ 1, grunngjев kvifor ein bør gjere unntak frå hovudregelen om ein kvote pr. fiskeri pr. fartøy. Ein gjer vidare merksam på at fisket etter sei nord for 62 gradar nord i denne samanhengen skal reknast for eitt og same fiskeri uavhengig av kva for løyve eller deltarrettar fartøyet måtte ha.

Alternative forskriftsendringar mv.

Alternativ 1:

I forskrift om regulering av fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62 gradar nord i 2018 skal § 29 første ledd siste punktum (nytt) lyde:

"Bestemmelsene i første og annet punktum er heller ikke til hinder for at fartøy som har adgang til å delta i lukket gruppe i fisket etter sei med not og som også har adgang til å delta i fisket med konvensjonelle redskap i lukket gruppe, kan fiske begge kvotene."

Alternativ 2:

Ein gjer ikkje endringar i forskrifta, men departementet offentleggjer ei pressemelding om at ein ikkje lenger vil tillate at dei aktuelle kombinasjonafartøya kan fiske to kvotar av sei i strid med § 29 i forskrifta om regulering av fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62 gradar nord i 2018.

Med helsing

Vidar Landmark
ekspedisjonssjef

Elisabeth N. Gabrielsen
avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Adresseliste

Fiskekjøpernes Forening	Strandveien 106	9006	TROMSØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185	5804	BERGEN
Kommunesektorens organisasjon	Sentrum		
Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378,	0114	OSLO
Landsorganisasjonen i Norge	Vika		
Norges Fiskarlag	Youngsgt. 11	0181	OSLO
	Postboks 1233	7462	TRONDHEIM
	Sluppen		
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norsk nærings- og nytelsesmiddelarbeiderforbund	Postboks 8719	0028	OSLO
Norsk Sjømannsforbund	Youngstorget		
	Postboks 2000	0125	OSLO
	Vika		
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	Postboks 639	7406	TRONDHEIM
	Sentrum		
Pelagisk Forening	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Sametinget	Ávjobárgeaidnu 50	9730	KARASJOK
Sjømat Norge	Postboks 5471	0305	OSLO
	Majorstuen		

KS